

01.08.2010

Bringedal som organistvikar på trekkspel



Prostiprest Pål Dale og organistvikar Kristian Bringedal under gudstenesta i løa.

Det vart ein vikarprega sommargudsteneste i Søre Skorpevågen på Skorpo i går utan at det på noko vis gjekk ut over messa.

Både presten og organisten måtte meldt forfall og prostiprest Pål Dale og kultursjef Kristian Bringedal rykka inn - den siste med trekkspel som instrument.



30 kom til den tradisjonelle gudstenesta.

Det er første gong han spelar trekkspel under ein gudsteneste, men presten slo etterpå fast for uskedalen.no at trekkspelen passar svært godt for eit slikt føremål.



Eldst også i år: Nils Vågen er 88.

Det var også ein fysisk sprek organist som gjorde teneste - han var ikkje snauare enn at han rodde til jobben - frå Beinavikjo.

Rundt rekna 30 var møtt fram til denne tradisjonsrike messa, som dette året vart halden i løa på grunn av regnet . Dei frammette syntes det var triveleg at eldstemann av dei no 6 fastbuande på øya - 88 år gamle Nils Vågen - også i år kunne vera med. Familien var også i år aktiv i tilskipinga både med båt-transport og servering, også av gardens eigne, svært vellukka produkt.

Også buskapen gjorde seg sterkt gjeldande og presten meinte kyrne var musikalske ettersom dei song med heile tida!

Med omsyn til dagens tekst på forvaltarsundagen slog han fast at god forvalting er å vera raus overfor både seg sjølv om andre når det er trøng for det.

Det våte veret kommenterte han slik:- Gud meiner at Vestlandet er noko av det finaste han har skapt. Og det er difor han vaskar det nesten kvar dag!

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Og til slutt var det løekaffe